

# Sløve, søvnige hjarte – og ein Gud som vekker

## **litt om serien:**

Jona er ei lita bok i det Gamle Testamentet, berre 4 korte kapittel. Og det er ei merkeleg, dramatisk og fascinerande historie om ein profet som ikkje liknar på noko anna i Bibelen. Boka handlar om langt meir enn akkurat den fisken du hugsar frå søndagsskulen. Jona er småleg, trongsynt, stolt, har nasjonalistiske tendensar og ser ned på andre. Han er rett og slett ein fyr som kjempar med retning og lydighet, oppdrag og kall, nåde og omvendning, Gudsbilete og sjølvbilete og mange, mange fleire ting. Kanskje her er noko vi kan kjenne oss igjen i?

## **litt om temaet:**

Det fleire ironiske lag med Jona sin flukt frå Gud. Kan ein rømme frå Gud, eigentleg? Han ender også opp med å dele eit skjebnefellesskap med den type folk han rømde for å sleppe å møte. Han ville ikkje til dei skitne, fæle hendingane i Ninive, men er omgitt av skitne, fæle heidningar på ein båt. Jona, sløv og søvnig går og legg seg i båten og er ute av stand til å bidra produktivt til noko som helst. Så overmanna kan vi verte av våre vegval, vår synd, at vi sovnar bort frå å bruke trua vår som ressurs for dei rundt oss, dei vi er i same båt som.

Men Gud sender ein sterk storm, og gjennom både stormen, kapteinen og mannskapet på båten vekkast Jona opp frå sløvheten. Desperate times calls for desperate measures. Han skjønar at han treng å ta ansvar for situasjonen han har hamna i og som han har påført sine medpassasjerar. Jona byrjar å sjå desse utlendingane med nye auge – som folk. Og kanskje, i eit snev av medmenneskelighet, eller kanskje i stolthet, eller er det resignasjon? – uansett motivasjon tilbyr i alle fall Jona sitt liv som berging for resten av båten. «Jonateiknet», der altså.

## **lære**

**Jona 1, 4-16**

Kva er skilnaden på sjøfolka og Jona sin reaksjon på stormen? Er Jona helten her?

Jesus sovnar også i båten i storm (Mark. 4, 35-41). Men her er fleire ting som vever Jona og Jesus saman. Kva er det Jona gjer i vers 12 som er eit frampeik på det Jesus gjorde på korset, og kva er ulikt?

## **vere**

«Syndesøvnen», kalte dei det før i tida når ein ikkje var klar over sine feiltrinn. Nyare nevrovitskap kastar lys over dette, og viser oss at vi blir det vi repeterer. Dersom vi tenkjer «det er sikkert ikkje så farleg», blir vi på sikt heilt annleis enn om vi bekjenner til og med synder som kjennast små. Kva held oss i «syndesøvnen», og korleis kan vi halde oss vakne?

## **gjere**

Korleis reagerer vi på «stormar» i våre liv? Ventar vi med å involvere Gud til det er «absolutt nødvendig?»

Er det ting de har gjort fordi det blei tydeleg for dykk at Gud ønska det? Eller nokre ting de, som Jona, har latt vere å gjere trass i at det verka klart at Gud ønska det?

## **ære**

spel av  
eller syng  
(forslag)

Salme:

Lovsong:

344: O, Jesus åpne du mitt øye

Holder meg fast (Acta lovsang)

For så langt (Filadelfiakirken)



## **bøn**

Takk Gud for at han er trufast sjølv om vi ofte gjer det motsette av det han ønskjer.

Takk Jesus for at han er den fullkomne Jona, som gav sitt liv for å stille stormane våre.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å sjå våre eigne feiltrinn, og til å tru på nåden vi har del i.